



Bente Leirvik Skarpenes
Heiane 23
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2984 - 16/2104

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
04.02.2016

Godkjenning- Oppdeling i eigarseksjonar gbnr 27/155

Administrativt vedtak. Saknr: 33/2016

Saksutgreiing:

Meland kommune har fått inn begjæring om oppdeling av eigedommen 27/155 i 2 eigarseksjonar og samtidig rekvisisjon på oppmåling av uteareal til dei enkelte seksjonane. Søknaden er underskriven av begge heimelshavarane og skjema og vedlegg er i 3 eksemplar.

Seksjoneringa gjeld eksisterande einbustad med hybel/ sokkelleilighet. Kvar buening har eigen ytre inngang som kvar skal ha tildelt eiga offisiell gateadresse. Dette vil verte gjort i eige vedtak med adressesetildeling. Seksjon 1 skal ha hovedetasje 2 og 3, medan seksjon 2 skal ha hovedetasje 1.

Kvar seksjon skal ha eksklusiv bruksrett til uteareal på eigedommen, samt at noko areal skal vera felles. Avgrensinga av desse areala er vist på situasjonskart dat. 12.08.2015. Seksjon 1 skal ha eksklusiv bruksrett til uteareal- om lag 200m² i området rundt garasjen som også skal høyra til seksjon 1. Seksjon 2 skal ha eksklusiv bruksrett til størstedelen av tomta- om lag 500 m². eit mindre areal i innkøyinga skal vera fellesareal. Uteareala vert nøyaktig merka og målt i oppmålingsforretning før seksjoneringa vert ført i matrikkelen. Det vert kravd eige gebyr for oppmåling av areal til seksjonane etter lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.

Det er utarbeida og lagt ved vedtekter for Heiane 23 (gnr.27 bnr.155)

Vurdering:

Begjæring om seksjonering er i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsplan som viser avgrensinga av fellesareal og areal til den enkelte seksjon. Dette vert erstatta med nytt kart etter at det er foretatt oppmåling av utearealet. Vedlegg 1.
- Planteikning av bustadhuset, 3 etasjar, samt garasje som skal tilhøyra seksjon 1. Vedlegg 2.
- Vedtekter for sameiget Heiane 23 (gnr. 27 bnr.155)

Det var mindre feil/ manglar i søknaden (bokstav for tilleggsareal) som er avtalt at kommunen kan retta opp. Det vart også i ettertid av søknaden levert inn skjema for fordeling av sameigeandel ved seksjonering. Det viser seg at dette skjemaet ikkje kan nyttast der eigarforholdet mellom sameigarane vert endra. Dette er tilfellet her då heimelshavarane har like andelar i dag, men vil få ulike andelar etter seksjonering. Fordeling av eigeomsretten til seksjonane må difor ordnast med gjensidig skøyte mellom partane etter at dei ulike seksjonane er oppretta.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg finn ein at søknaden stettar krava i lov om eigarseksjonar.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner, i medhald av § 9 i Lov om eigarseksjonar, begjæring om oppdeling i 2 eigarseksjonar for Sameiget Heiane, gnr.27 bnr 155 , på grunnlag av situasjonsplan, planteikningar og vedtekter.

Seksjonsnr. 1 og 2 er bustadseksjonar der seksjon 1 har sameigebrøken 168/276 og seksjon 2 har sameigebrøken 108/276. Dei enkelte seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre då dei har separate inngangsparti og disponerer ulike etasjar.

Utearealet på eigedommen vil vera oppmålt og matrikkelført før seksjonane vert oppretta i matrikkelen. med om lag 200 m2 til seksjon 1, om lag 500 m2 til seksjon 2. Arealet under bustadhuset og innkøyringa er fellesareal ».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven§ 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen ,jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer.

Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden om seksjonering vert ettersendt, jf. høvesvis Matrikkellova §7 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Då gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut ifrå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Bente Leirvik Skarpenes

Heiane 23

5918

FREKHAUG

Bjørn Harald Skarpenes

Heiane 23

5918

FREKHAUG